



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5132-6

Selje - Kommunal planstrategi 2016 - 2020

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet støttar dei vurderingane av utfordringar som er gjort i den kommunale planstrategien for Selje kommune
2. Fylkesutvalet forventar likevel at strategien i noko større grad drøftar dei ulike utfordringane og set overordna retning og mål for det vidare planarbeidet
3. Regional planstrategi må i sterkare grad leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for Selje
4. Planstrategien bør drøfte Selje som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion
5. Regional strategisk plan for kysten bør forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.

Vedlegg: Selje kommune. Overordna planstrategi. 2016 – 2020.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Selje kommune har lagt utkast til kommunal planstrategi ut på høyring. Dokumentet er kortfatta og med gode skildringar av utfordringane knytt til utviklinga i Selje-samfunnet og ulike kommunale tenesteområde.

Dokumentet er ikkje delt inn i hovudkapittel, men med tilsvynelatande jamstelte kapittel. Det gjer det litt vanskeleg å få oversikt over kva tema som høyrer saman.

2. Bakgrunn for saka

Plan- og bygningslova set krav til kommunane om å utarbeide kommunal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Selje kommune vedtok førre planstrategi 17.12.12. Selje kommunestyre vedtok samfunnsdel til kommuneplanen for 2015 – 2027 i møte 27.04.15. Arealdelen til kommuneplanen ligg no ute til offentleg ettersyn med frist 26. august.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok av regional planstrategi (RPS) 14.06.16. Det er i arbeidet gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og sikre kopling mellom RPS og dei kommunale strategiane.

PBL § 10-1 set krav om offentleg høyring av kommunale planstrategiar, og delegeringsreglementet kapittel 3.37 gir fylkesutvalet mynde til å gje uttale på vegne av fylkeskommunen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Vi vil gje ros for eit dokument som effektivt er nytta til å seie noko om behovet for arbeidet, kva rammer som er lagt til grunn for arbeidet og å skildre ulike tenesteområde og andre viktige samfunnsområde i Selje. Det er ei «rett på sak» og god skildring av ulike tema, der dei fleste tema vert summert opp med ei punktliste over utfordringar. Det viktigaste målet med ein plan-

strategi er nettopp dette, sette lyset på ulike utfordringar, og så seie kva planar ein vil prioritere for å løyse desse.

Fylkesrådmannen har likevel nokre merknader. Dei går i stor grad på at vi saknar drøftingar av nokre problemstillingar, inkludert korleis ein kan nytte ulike grep for å løyse utfordringane. Planstrategien er ikkje ein plan, og den skal ikkje løyse utfordringane, det er det dei enkelte planane som skal gjere. Vi meiner likevel at ein planstrategi skal, på eit overordna nivå og på ein kortfatta måte, drøfte ulike måtar å møte utfordringane på, og som set retning på det framtidige planarbeidet.

Framlegg til RPS er nemnt i utkastet, og utfordringar, strategiar og målbilete er tatt med på side 5 og 6, inkl. det RPS har sett opp som dei 5 regionale hovudutfordringane. Men det er ikkje sagt noko om korleis det framtidige planarbeidet skal halde seg til det regionale nivået sine ønske for retninga på planarbeidet framover. Etter plan- og bygningslova skal regional planstrategi leggast til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Med bakgrunn i det forventar vi at kommunen som organisasjon og samfunn legg dei regionale hovudutfordringane som er sett opp i RPS til grunn i det vidare planarbeidet.

Fylkeskommunen har no ute til høyring planprogrammet til regional strategisk plan for kysten. I arbeidet med RPS har det vore viktig å sikre forankring inn mot kystkommunane, slik at dei einskilde kommunane forankrar kystplanen i eigne strategiar. Regional kystplan vil gje overordna føringar for anna planarbeid på kysten, særleg inn mot arealdisponering gjennom arealdelen. Vi ser det som avgjerande viktig for deltakinga og derav verdien av dette planarbeidet at det vert forankra i kommunal planstrategi.

Også Selje kommune er del av ein større region. Kommunereforma og interkommunalt arbeid er nemnt, men ut over det er det sagt lite om det å vere del av ein større region saman med nabokommunar. Det står lite i planstrategien om utfordringar og moglegheiter i det å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Samfunnsdel, arealdel og andre kommune- og sektorplanar vil måtte halde seg til ei slik verkelegheit, og planstrategien burde drøfte kva det betyr for Selje å vere ein del av ein region.

Skildring av nosituasjon og opplisting av utfordringar går direkte over i prioritering av planar, utan at ein er tydeleg på kvifor prioriteringa vert som ho vert. Vi tvilar ikkje på at prioriteringa er den rette for kommunen, men vi ser det som naturleg at dei ulike utfordringane vert sett i samanheng i ei drøfting, der ein seier noko om bakgrunnen for prioriteringane som vert gjort.

4. Konklusjon

Strategien er god på å skildre forventningar, rammer, nosituasjon og utfordringar for Selje kommune. Vi støttar i hovudsak opp under Selje kommune sitt arbeid med kommunal planstrategi, og at det vert lagt opp til å prioritere ein gjennomgang av samfunnsplanen.

Strategien bør i større grad drøfte dei ulike utfordringane, dvs. peike på moglege strategiar og løysingar, og setje overordna retning og mål for det vidare planarbeidet. Strategien må i større grad kople seg opp mot regional planstrategi og dei løysingane og den utviklingsretninga som vert skissert i den. Vidare bør det gjerast ei drøfting av Selje som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

Regional strategisk plan for kysten bør forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.

Fylkesrådmannen rår til at denne saksutgreiinga følgjer som vedlegg til saka ved oversending av uttalen til kommunen.